

# Forskrift om vass- og avløpsgebyr for Gulen kommune

**Heimel:** Fastsett av Gulen kommunestyre 22. juni 17 med heimel i lov 16. mars 2012 nr. 12 om kommunale vass- og avløpsanlegg og forskrift 1. juni 2004 nr. 931 om begrensning av forurensing (forurensningsforskriften) § 16-1 annet ledd.

## 1. Generelle føresegner

Kommunen sine abonnentar betalar gebyr for vass- og avløpstenester levert av kommunen. Forholdet mellom abonnenten og kommunen er regulert av statlege lover og forskrifter samt av kommunale forskrifter og abonnementsvilkår. Aktuelle reglar knytt til vass- og avløpsgebyr, er:

- Lov 16. mars 2012 nr. 12 om kommunale vass- og avløpsanlegg.
- Forskrift av 1. juni 2004 nr. 931 om begrensning av forurensning, kapittel 16 om kommunale vann- og avløpsgebyrer
- Forskrift om vass- og avløpsgebyr for Gulen kommune (dette dokumentet)
- Gebyrregulativ for det enkelte år, fastsett av Gulen kommunestyre

Andre dokument:

- Standard abonnementsvilkår for vann og avløp - administrative bestemmelser og tekniske bestemmelser, utarbeidd av KS, 2. utgåve 2017.

### § 1-1. Føremål

Forskrifta gjev føresegner om utrekning og innbetaling av gebyr abonnentane skal betale for av vass- og avløpstenester kommunen leverer.

### § 1-2. Verkeområde

Forskrifta gjeld alle abonnentar i Gulen kommune, jf. § 1-3.

### § 1-3. Definisjonar

I denne forskrifta vert det meint med:

- a) *Abonnt:* Eigar/festar av eiga sjølvstendig bueining, fritidseining og næringseining herunder landbrukseigedomar som er tilknytt kommunal vass- og/eller avløpsleidning direkte eller gjennom felles stikkleidning.

Festar av eigedom der festeavtalen ikkje er tinglyst, men der festaren eig dei bygningane som er plasserte på tomta, og brukar festeretten slik det går fram av lov om tomtefeste

Eigar/festar av eigedom, som kommunen i medhald av Plan og Bygningslova har kravd tilknytt vass og/eller avløpsleidning.

- b) *Eining:* Med eining i denne forskrifta er det meint bueining, fritidseining og næringseiningar.

Bueining er husvære med separat inngang, eit eller fleire opphaldsrom og i tillegg eige bad/WC og kjøkkendel. Definisjonen på bueining følgjer registreringsinstruksen i matrikkelen.

Fritidseining blir rekna for ein kvar fritidsbustad med minst eitt rom og eigen inngang og der det er tilgang til vatn og toalett utan å måtte gå gjennom ei anna bueining/fritidseining/næringseining. Det vert synt til registreringsinstruksen i matrikkelen.

Næringseining (anna enn bustad) er sjølvstendige lokale nytta til næringsverksemd eller offentleg verksemd. Her inngår driftsbygningar landbruk.

Anna enn eining, ei form for vasspost.

- c) *Gebyrregulativet*: Dette er den gjeldande prisoversikta for vass- og avløpsgebyr i kommunen. Satsane vert oppdatert årleg gjennom vedtak i kommunestyret.
- d) *Kombinasjonsbygg*: Bygg med både bueiningar (bustader) og næringseiningar(næringsverksemd) eventuelt også fritidseiningar
- e) *Kommunal vass- og avløpsleidning*: Leidningar som er kommunal eigedom ved at dei er kosta eller overteke av kommunen.
- f) *Bruksareal (BRA)*: Bruksareal for ein bygning eller brukseining som er registrert i Matrikkelen og utrekna med utgangspunkt i NS 3940.

## § 1-4. Gebyrtypar

Gebyrtypane er:

- a) Eingongsgebyr for tilknytning for høvesvis vatn og avløp (tilknytingsgebyr)
- b) Årsgebyr for høvesvis vatn og avløp
- c) Gebyr for mellombels tilknytning
- d) Oppmøtegebyr for avlesing av vassmålar
- e) Oppmøtegebyr i samband med lekkasjesøk/frostproblematikk

Gebyrtsatsar for bestemte tenester vert vedteke av kommunestyret i eige gebyrregulativ.

## § 1-5. Klage

Det er ikkje høve til å klage på gebyr som er fastsett gjennom kommunen sitt Gebyrregulativ, jf. reglane i *forvaltningslova*.

Det er høve til å klage på enkeltvedtak treft i medhald av forskrifta. Klaga vert handsama av Formannskapet.

Kommunen kan fråfalle eit krav heilt eller delvis dersom særlege grunnar tilseier det. Gebyr må betalast innan forfallsdato sjølv om det er klaga på gebyrvedtaket. Klagar med prinsipielt innhald, vert handsama av Formannskapet. Klagefrist er sett til 3 veker.

## 2. Eingongsgebyr for tilknytning

### § 2-1. Gebyrplikt

Eingongsgebyr for tilknytning (tilknytingsgebyr) skal betalast for:

- a) Nybygg, både bueiningar og andre bygg, jf. 1-3 bokstav b. Det skal betalast tilknytingsavgift for kvar eining, jf. definisjon av eining, jf. § 1-3 bokstav b
- b) Eksisterande bygg som vert tilknytt eller som kommunen krev tilknytt
- c) Eksisterande bygg med tilknytning som ikkje er godkjent

Eingongsgebyret for tilknytning skal ikkje betalast i følgjande tilfelle:

- d) Bygg med mellombels tilknytning, til dømes brakkerigg. Kommunen kan fastsette varigheit for tilknytninga.
- e) Særskilt tilknytning av sprinklaranlegg
- f) Vassuttak til vasspost, dersom det ikkje er krav om utsleppsløyve.

## **§ 2-2. Utforming av gebyret**

Eingongsgebyr for tilknytning for høvesvis vassforsyning og avløp utgjer eit fast beløp pr. eining, jf. § 1-3 bokstav b.

Inntil eitt sokkelhusvære eller hybel i einebustad som del av ein større bustad under felles gards- og bruksnummer vert inkludert i tilknytingsavgifta for kvar buening.

For kombinasjonsbygg, jf. definisjon av kombinasjonsbygg, jf. § 1-3 bokstav d, skal det betalast gebyr for kvar av einingane.

Det vert ikkje gjeve frådrag i tilknytingsgebyr sjølv om eigedomen har bidrege til finansiering av infrastruktur gjennom utbyggingsavtale eller likande.

Ved overtaking av private vassverk skal det betalast tilknytingsgebyr. Tilknytingsavgifta kan bli innbetalt ved at økonomien og/eller tilstanden i det private vassverket er så god at det private vassverket løyser inn summen på vegne av eksisterande abonnentar som eit anleggsbidrag. Alternativt deler av summen og restinnbetaling gjerast av den enkelte abonnenten.

Dersom bygget erstattar eit bygg som tidlegare har vore lovleg tilknytt, vert desse einingane trekt frå ved utrekning av tilknytingsgebyret. Vilkåret er at ny igangsetjingsløyve vert gjeve innan 5 år etter at bygget er fjerna eller fråkopla. Ved tilbygg eller påbygg skal det betalast gebyr for auke i tal einingar dette medfører. At tal einingar er lågare enn tidlegare, gjev ikkje abonnenten grunnlag for krav om refusjon.

## **§ 2-3. Gebyrsats**

Storleiken på gebyrsatsane vert fastsett årleg av kommunestyret og går fram av Gebyrregulativet.

Gebyrsatsen skal vere gjeldande gebyrsats då komplett byggjesøknad eller søknad om tilknytning vart motteken av kommunen.

## **§ 2-4. Ansvar og betalingsfrist**

For nybygg har tiltakshavar ansvar for betaling av tilknytingsgebyret. For eksisterande bygg har abonnenten ansvaret. Gebyret skal vere betalt før tilknytning skjer. Der tilknytning er del av eit tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1, vert krav om betaling av gebyr sendt etter at godkjent byggjesøknad ligg føre.

# **3. Årsgebyr**

## **§ 3-1. Gebyrplikt og iverksetjing**

Årsgebyr skal betalast for alle einingar som:

- a) er tilknytt kommunalt vass- eller avløpsanlegg
- b) er pålagt tilknytning i medhald av lov, og fristen for tilknytning er gått ut.

Gebyrplikta trår i kraft når ferdigattest er gjeve eller eininga er tatt i bruk. Eining som er kravd tilknytt kommunal leidning skal betale årsgebyr frå det tidspunkt tilknytning er kravd.

For kombinasjonsbygg, jf. definisjon av kombinasjonsbygg, jf. § 1-3 bokstav d, skal det betalast gebyr for kvar eining.

### **§ 3-2. Eigedom utan godkjent tilknytning eller fråkopling**

Er tilknytning ikkje godkjent av kommunen, skal abonnenten betale gebyr frå og med det tidspunkt tilknytninga er utført. Har kommunen ikkje anna utrekningsgrunnlag, vert gebyret utmålt etter skjøn. Slik utrekning inneber *ikkje* at kommunen har godkjent tilknytninga.

Er fråkopling ikkje godkjent av kommunen, skal abonnenten betale gebyr inntil fråkoplinga er godkjent.

### **§ 3-3. Ansvar for betaling**

Abbonenten har ansvar for betaling av gebyr, uansett om gebyrkravet er retta mot abonnenten eller annan rekningsmottakar.

Dersom abonnentar har felles vassmålar, skal *ein* stå som ansvarleg for og vere mottakar av gebyrkravet frå kommunen.

### **§ 3-4. Utforming av gebyra**

Det vert utrekna årsgebyr for vassforsyning og avløp med:

- a) Ein fast del (abonnementsgebyr)
- b) Ein mengdeavhengig del (forbruksgebyr).

Fordelinga mellom fast og mengdeavhengig del vert fastsett av kommunestyret i gebyrregulativet.

Abonnementsgebyr for bueiningar og fritidseiningar gjeld for bustad- og fritidshus, og skal betalast pr. eining, jf. definisjon av eining jf. § 1-3 bokstav b.

Abonnementsgebyr for næringseiningar skal betalast for næringseigedomar, offentlege verksemdar, næringsdel i kombinasjonsbygg og landbrukseigedomar. Gebyret vert fastsett på grunnlag av dimensjon på inntaksleidning slik det går fram av gebyrregulativet.

Forbruksgebyr vert rekna etter målt eller stipulert forbruk, som vassforbruk i m<sup>3</sup>. Det vert ikkje gjeve nedsett gebyr pr. m<sup>3</sup> for storforbrukarar av vatn.

### **§ 3-5. Ansvar for opplysningar om abonnent**

Abbonenten skal melde endringar i abonnementsforholdet til kommunen.

Inntil kommunen har tatt imot melding og inntil kommunen har oppdatert abonnentdata frå Matrikkelen, skal abonnenten betale årsgebyr som tidlegare.

Godkjente endringar av gebyret trer i kraft frå neste fakturering.

### § 3-6. Utrekning av gebyr

Same forbruk i m<sup>3</sup> vert lagt til grunn for utrekning av både vassgebyr og avløpsgebyr.

Dersom abonnenten kan dokumentere at avløpsmengda er vesentleg mindre enn vassforbruket, så kan kommunen justere årsgebyret tilsvarande.

Dersom kommunen finn at avløpsmengde er vesentleg større enn vassforbruket, så kan kommunen justere årsgebyret tilsvarande.

Retriksjonar om vassforbruk eller avbrot i leveransen av vatn eller mottak av avløp gjev ikkje grunnlag for reduksjon i årsgebyret, med mindre særlege forhold tilseier det.

Fråflytting eller fråvær kan gje grunnlag for frådrag i gebyr. Det må årleg søkjast kommunen om dette. Er bygningsmassen/bygningar på eigedomen fjerna, eller øydelagt slik at den ikkje kan brukast, betalast abonnementsgebyr inntil stikkledning er fråkopla (plugga) ved hovudleidningen. Dette må meldast til kommunen.

Mellombels installasjonar skal betale abonnementsgebyr og forbruksgebyr etter gjeldande reglar for næringsverksemd, med avrekning i samsvar med den tida tilknytninga er operativ. For mellombels installasjonar trår gebyrplikta i kraft når vassmålar er eller skal vere installert. Mellombels tilknytning gjeld opp til eitt år, med høve til å søkje om forlenging.

For næringsverksemd der forbruket av vatn til produksjon medfører at mengda avløpsvatn avvik vesentleg frå målt vassforbruk, kan kommunen basere avløpsgebyret på eiga måling av tilført avløpsvatn til kommunalt nett, eller på særskilt avtale.

For avløpsvatn som avvik frå vanleg hushaldsavløp og verkar fordyrande på drift og vedlikehald av kommunen sitt avløpsanlegg, kan kommunen fastsette eit tillegg til avløpsgebyret til dekning av meirkostnadene. I slike tilfelle skal det gjerast ein separat avtale mellom kommunen og abonnenten.

For avløpsvatn frå produksjonsprosess eller liknande som etter eige løyve frå kommunen er tillate ført i grunnen, i privat leidning direkte til vassdrag eller sjøen, eller i separat kommunal overvassleidning, betalast ikkje avløpsgebyr. Slikt vatn skal målast separat.

### § 3-7. Betaling etter stipulert forbruk

Det skal betalast gebyr etter stipulert forbruk, dersom abonnenten eller kommunen ikkje krev at det skal betalast etter målt forbruk.

Følgjande bruksareal og vassforbruk skal leggjast til grunn

Bruksareal (m <sup>2</sup> )	Stipulert forbruk (m <sup>3</sup> ) Bueingar og fritidseingar
0-90	90
91+	170

Har eigedomen utvendig eller innvendig basseng på over 3 m<sup>3</sup>, skal det betalast gebyr etter målt forbruk.

### **§ 3-8. Betaling etter målt forbruk**

Gebyr etter målt forbruk skal betalast for:

- a) Bygg for næringsverksemd, offentlege verksemder og liknande.
- b) Bygg for både bueining- og andre føremål (kombinasjonsbygg).
- c) Driftsbygningar landbruk
- d) Anna anlegg med varig eller mellombels tilknytning.
- e) Eigedom med utvendig eller innvendig basseng på over 3 m<sup>3</sup>.
- f) Vasspost
- g) Sprinklaranlegg

For mellombels tilknytningar kan kravet om vanleg vassmålar fråvikast, dersom vassforbruket kan fastsettast på andre måtar.

Abonnet har rett til å få montert vassmålar og betale gebyr etter målt forbruk.

Kommunen kan pålegge abonnent med stipulert forbruk etter § 3-7 å installere vassmålar og betale gebyr etter målt forbruk.

Forbruksgebyret vert betalt à konto fordelt over 4 termin basert på forbruket for fjoråret. Avrekning skjer i hovudsak på 1. termin (faktura) året etter.

### **§ 3-9. Retting av feil gebyrutrekning**

Har mangelfulle eller feile opplysningar ført til feilaktig gebyrutrekning, skal utrekninga rettast og differansen gjerast opp. Krav som er forelda etter reglane om forelding av fordringar, vert normalt ikkje dekt.

## **4. Vassmålar**

### **§ 4-1. Installasjon**

Kommunen avgjer:

- a) tal vassmålarar den enkelte abonnent skal ha
- b) type, storleik og plassering
- c) når målar skal installerast.

Ved oppdeling av eksisterande eigedom med vassmålar, i nye eigedomar, skal kvar av dei nye eigedomane ha eigne vassmålarar.

Abonnetar kan samarbeide om felles vassmålar der det vil vere uhøvesmessig kostbart å installere eigen målar for kvar eining. Årsgebyr vert fordelt på abonnentane etter § 3-3, 2. ledd.

Pålagt vassmålar for ny eigedom skal vere installert seinast når det vert gjeve bruksløyve eller eigedommen vert tatt i bruk, og for eksisterande eigedom når den vert tilknytt. Ved unnlåting av dette, skal abonnenten for eininga betale stipulert årsgebyr etter § 3-7.

### **§ 4-2. Eigarforhold**

Den enkelte abonnent eig sjølv vassmålaren.

### **§ 4-3. Kostnader**

Abonnenten kostar innkjøp, installasjon, drift og utskifting av vassmålar.

### **§ 4-4. Avlesing av vassmålar**

Abonnenten skal lese av vassmålar så nær fastsett tidspunkt for avrekning som mogleg og sende resultatet til kommunen innan fastsett frist.

Unnlét abonnenten å utføre avlesing, kan kommunen fastsette årsgebyret skjønsmessig etter purring. Kommunen kan sjølv utføre avlesing utan ytterlegare varsel til abonnenten og krevje særskilt gebyr for dette.

### **§ 4-5. Tilsyn og vedlikehald**

Abonnenten skal halde målar lett tilgjengeleg for avlesing og tilsyn.

Abonnenten skal jamleg føre tilsyn med målar. Blir ein målar skadd eller går tapt, skal abonnenten straks melde frå til kommunen. Som skade reknast også at plombering av målar er brote.

Dersom ein vassmålar er i ustand skal den straks reparerast eller utbetrast i samsvar med standard abonnementsvilkår for vatn og avløp. Ved utskifting av vassmålar, skal målarnummer og målarstand på gamal og ny målar meldast kommunen snarast.

Viss defekt vassmålar ikkje er reparert eller utbetra innan to veker etter att feilen er oppdaga, så har kommunen rett til å engasjere røyrleggjar til å utføre arbeidet på eigar si rekning.

Kommunen kan føre tilsyn med målar. Kontrollør frå kommunen skal legitimere seg utan oppmoding.

### **§ 4-6. Avrekning ved feilmåling**

Dersom målareren ved kontroll viser meir enn 5 % for høgt forbruk, har abonnenten krav på tilbakebetaling for feilmålinga. Er eventuell plombering av målareren brote, har abonnenten ikkje krav på tilbakebetaling.

Tilbakebetalinga reknast frå det tidspunkt feilen må antakast å ha oppstått.

Krav som er forelda etter reglane om forelding av fordringar, vert ikkje refundert.

Viser målareren meir enn 5 % for lågt forbruk, har kommunen krav på tilleggsbetaling etter tilsvarende reglar.

### **§ 4-7. Utskifting og flytting**

Er målenøyaktigheita for dårleg, avgjer kommunen om målareren skal justerast eller skiftast ut. Når vanleg levetid for ein målar er nådd, kan kommunen avgjere at målareren skal skiftast ut heilt eller delvis. Abonnenten må ta kostnadene med utskifting.

Kommunen kan krevje flytting av målar som er plassert i strid med kommunen sine krav til plassering. Abonnenten må ta kostnadene med slik flytting.

### **§ 4-8. Vassmålar og sprinklaranlegg**

Nye sprinklaranlegg skal ha eige vassmålar. Eksisterande sprinklaranlegg får ikkje pålegg om å montere vassmålar.

Unntak frå plikta om eige vassmålar på nye sprinklaranlegg kan vere aktuelt dersom abonnenten på annan måte kan dokumentere sprinklaranlegget sitt vassforbruk.

Det skal ikkje vere eige abonnementsgebyr for sprinklaranlegg dersom eininga allereie betalar abonnementsgebyr. Dimensjon på inntaksleidning til sprinklaranlegg skal ikkje vere førande for gebyrsats. Gebyrsats vil vere regulert etter dimensjon på stikkleidning til forbruk.

## 5. Andre gebyrpliktige forhold

### § 5-1. Kjøp av vatn utan abonnement

Det kan inngåast skriftleg avtale om kjøp av vatn ved tapping frå kommunen sitt distribusjonsnett. Dette gjeld uttak av vatn av heilt kortvarig karakter (maks 1 dag), og som difor ikkje utløyser krav om tilknytingsgebyr. Eit slikt tilfelle gjeld verksemd/organisasjonar/andre som hentar vatn i tank eller på annan måte tek ut vatn frå kommunen sitt distribusjonsnett, utan at det er snakk om tilknytning til kommunen sitt nett. Tapping av vatn har ein risiko og skal føregå slik kommunen bestemmer gjennom avtalen.

Gjeldande gebyrregulativ er styrande ved fakturering av vassmengda, og vert fakturert fortløpande. Oppmøtegebyr og fakturering etter medgått tid vil komme i tillegg.

### § 5-2. Sal av vatn til private vassverk

Private vassverk kan kjøpe vatn gjennom privat fellesleidning. Når dette er aktuelt, så blir det private vassverket å rekne som ei næringseining. Denne «abonnenten» vert fakturert for eitt årsgebyr etter størrelsen på forsyningsleidningen samt forbruksgebyr etter målt forbruk (vassmålar).

### § 5-3. Vasslekkasje

Abbonnentane skal snarast mogleg skriftleg melde kommunen om lekkasje som har oppstått.

Gebyr for forbruk av vatn som fylgje av vasslekkasje på privat leidning og installasjonar vert belasta abonnenten, med mindre andre vektige omsyn blir lagt fram skriftleg til kommunen for vurdering. Dersom lekkasjevatt ikkje målast av vassmålar, vil kommunen estimere vassmengda.

Abbonnten skal betale både vass- og avløpsgebyr i samband med lekkasjar, gebyret vert fakturert fortløpande. Tilgang til justering av gebyr fylgjer av § 3-6.

### § 5-4. Utrykking i samband med driftsforstyringar

Viss kommunen vert tilkalla i samband med driftsforstyringar på det kommunale vass- og avløpsnettet, og det viser seg at feilen skuldast privat vass- og avløpsanlegg, blir det fakturert oppmøtegebyr. Dette er særleg aktuelt i samband med lekkasjesøk og frostproblematikk.

Fakturering etter medgått tid.

### § 5-5. Sprinklaranlegg

Vassforbruk som fylgje av at sprinklaranlegg eller tilsvarande vert utløyst, belastast abonnent som årsgebyr. Tilgang til å søkje om justering av gebyr fylgjer same prinsipp som § 5-3.



Test av sprinklaranlegg eller tilsvarande, utan skriftleg avtale med kommunen er ikkje tillate.

#### **§ 5-6. Forbod mot vatning eller restriksjonar**

Abonnenten pliktar å fylgje kommunen sine kunngjeringar om forbod mot vatning eller restriksjonar, jf. Standard abonnementsvilkår pkt. 3.8. Brot på forbod mot vatning eller restriksjonar kan medføre att kommunen må gjennomføre tiltak. Abonnenten er ansvarleg for kommunen sine meirkostnadar i samband med slike tiltak.

## **6. Iverksetjing mv.**

### **§ 6-1. Iverksetjing og oppheving av tidlegare forskrift**

Forskrifta trår i kraft 1. juli 2017.

Frå same tid vert forskrift 30. november 2005 om vass og avløpsgebyr i Gulen kommune oppheva.